



Statens vegvesen

JENS GRIM DAHL MANGER
TEIGDALSVEGEN 838
5707 EVANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/16249-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.02.2019

Mellombels lastelomme – FV 565 – Gnr. 63 bnr. 1 i RADØY kommune

Vi viser til søknad av 23.01.2019.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til etablering av mellombels lastelomme langs fv. 565 hp 3 km 1,815 til gnr. 63 bnr. 1 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Lastelomma skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 23.01.2019. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld for å etablere lastelomme for tømmer
3. Løyvet er mellombels og gjeld til 19.04.2019.
4. Lastelomma skal opparbeidast i samsvar med vedlagt prinsippskisse. Krav til friskt er 72 meter i kvar køyreretning, målt på midten av lastelomma.
5. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslar*.
6. Det må føreliggje ein godkjent arbeidsvarslingsplan før arbeidet startar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

7. Dersom gravearbeid og / eller istandsetjing ikkje vert utført i samsvar med vår vilkår eller slik det er avtalt med vegvesenet sin representant, kan vegvesenet utføre arbeidet for utførande entreprenør / leidningseigar si rekning.
8. Eigar og brukar av lastelomma som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til lastelomma til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova §43. Dersom ikkje dette skjer, kan løyvet verte trekt tilbake.
9. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av lastelomma.
10. Arbeid og lagring av tømmer skal føregå på nordsida av lastelomma.
11. Når driftstida er over skal arealet tilbakeførast til opphavleg tilstand. Frist for tilbakeføring er 19.04.2019. Bruk vedlagt skjema for å melde utført arbeid.
12. Søkjar må sjølv avklare med kommunen om tiltaket er søknadspliktig.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafiktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsel frå.

Det er søkt om å etablere ein lastelomme for tømmer. Driftstida er oppgitt å vere 2 månader, og om lag 4 tømmerbilar i døgnet.

Vi gjer merksam på at arbeid og eventuell mellomlagring av tømmer, må føregå på nordsida av lastelomma, slik at ein unngår arbeid langs fylkesvegen og uhell som følgje av dette.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan – Plassering av lastelomme
Prinsippskisse
Melding om tilbakeført lastelomme

Statens vegvesens saksnummer 19/16249

Melding om tilbakeført lastelomme

Eg/vi melder om at avkøyrsløp fra fv 565, hp 3, km 1,815, er ferdig tilbakeført i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 06.02.2019.

.....
Sted/dato

.....
underskrift søker/grunneigar


.....
Underskrift utførande entreprenør

Meldinga sendast til:

Statens vegvesen Region vest, Pb. 43, 6861 Leikanger eller: firmapost-vest@vegvesen.no

PRINSIPPSKISSE tømmeravkøyrsl langs veg


Utgangspunkt for langsgående tømmeravkøyrsl er utforming av busslomme, hb.017 s.131. Vogntoglengde er gitt 22 m jf. hb100.



Tabell E.9: Mål for busslomme (mål i m)

Fartsgrense (km/t)	Innkjøringslengde a	Lengde oppstillingsplass	Utkjøringslengde b
≤ 60	20	$n \times 20 + 10$	20
≥ 80	25	$n \times 20 + 10$	20

Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Frisiktsoner

Sikt som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen (sikt bakover og framover langs hovedvegen).

I frisktsonene skal det ikkje vere vegetasjon, snø eller andre sikthinder høgare enn 0,5 over primærvegens køyrbanenivå.

X
92

63 / 1

65 / 6

50-65 m
5 m
4 m

